



## Møteprotokoll for Ungdomsrådet

**Møtedato:** 21.09.2023  
**Møtestad:** Kommunestyresalen - Flodmaal  
**Møtetid:** 16:30 - 18:30

Me startar møtet med å ta eit bilete av det som er med i ungdomsrådet denne perioden.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Oliver Trohaug Våge		Utvalsléiar	
Pernille Trohaug Våge		Nestléiar	
Olai Nygard Nese		Medlem	
Magnus Hrafn Jakobsen		Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Agnes Midtun		Medlem	
Ingeborg Romarheim		Medlem	

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Joakim Brügger		Varamedlem	

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Kent Tur Amundsen	konsulent kultur og fritid		

## Sakliste

Saknr	Tittel
016/2023	Godkjenning av innkalling og sakliste
017/2023	Godkjenning av møteprotokoll
018/2023	Orienteringssaker
019/2023	Invitasjon til nettverkssamling for ungdomsråd - Vestland Fylkeskommune
020/2023	Få ungdomsrådet med på viktige avgjersler i kommunen
021/2023	ALLEMED-dugnad

### Notat frå møtet:

Møtet byrja med å ta bilete av alle som er med i ungdomsrådet

016/2023: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

017/2023: Godkjenning av møteprotokoll

Behandling:

Vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

---

018/2023: Orienteringssaker

Behandling:

### **Ungdomskonferansen 2023**

Det blei diskutert korleis ein skal klare å vinne prisen for årets ungdomskommune om 2 år. I årets konkurranse var Modalen den einaste kommunen som ikkje hadde lagd ein video. Det ble bestemt at neste gong skal det lagast video med m.a. følgande innhold:

- Systematisk, samanhengande, interessant.
- Dokumentera det som faktisk blir gjort.
- Vise kor liten, men derfor tett knytt me er i kommunen.
- Få med ordføraren?
- Vise kulturen.
- Vise personlegdomen til dei i videoen.
- Betre å filme mykje, og fjerna i ettertid.
- Forklara kva man vil i åra etterpå.

### **Busskur ved Flodmaal.**

Ungdomsrådet skal spele inn dette til kommunestyret neste møte.

### **Evaluering av Modalsdagane**

- Alt gjekk fint, og som planlagt.
- En fin kveld.

### **Sosiale medier for Ungdomsrådet**

Alle andre ungdomsråd som var med i Mosjøen hadde sosiale medier. Ikkje Modalen. MUR vil utforske dette meir, men det må avklarast kven som har ansvar for kontoene. Skal kommunen eie profilen?

### **Plassere MUR meir på kartet.**

Leiar seier at dette heng saman med førre punkt, sosiale medier. Me må også vera med på arrangement og nettverkssamlingar. Det kan kanskje vera ein ide å besøka andre ungdomsråd? Det blei også diskutert moglegheita for å skaffa seg "merch", altså genser med "Modalen Ungdomsråd" skrevet på t.d.

### **Orientering frå møtesekretær**

Møtesekretær orienterte om BUA-samling og progresjonen der.

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

---

019/2023: Invitasjon til nettverkssamling for ungdomsråd - Vestland Fylkeskommune

Behandling:

Rådet ble einige om at følgjande personar skal delta på nettverksamlinga 21. - 22. Oktober:

1. Oliver Trohaug Våge
2. Pernille Trohaug Våge

Møtesekretær opplyste om at det er ein moglegheit for at fleire kan delta, om me meldar dei på raskt. Følgjande personar vil også være med:

3. Olai Nese
4. Joakim Brügger

Medlemmene blei stemt frem til å kunne delta prioriterte rekkefølge.

Vedtak:

Avhengig av tilgjengeleg plassar skal følgjande delta i prioritert rekkefølge:

1. Oliver Trohaug Våge
2. Pernille Trohaug Våge
3. Olai Nese
4. Joakim Brügger

---

020/2023: Få ungdomsrådet med på viktige avgjersler i kommunen

**Behandling:**

- MUR vil ha fast plass i kommunestyret slik det er i andre kommunar.
- Være meir aktive.
- Ordførar/varaordførar stiller i møtane til MUR?

**Vedtak:**

Saka vert tatt til orientering

---

021/2023: ALLEMED-dugnad

**Behandling:**

Ved førre møte vart det bestemt at Ungdomsrådet skulle sjå nærare på dette med enkeltarrangement i forbindelse med ALLEMED-dugnaden. Her er dei forslaga som kom frem i møtet:

- Volleyballturnering
- Samarbeide med andre lag for å arrangere noko, t.d. swingkurs
- Arrangera ein tur til ei turhytte
- Slalom
- Klubb
- MUR vil spørja elevane på skulen om dei har nokon gode idear
- Gocart
- Skulekamp i fotball, invitera andre skuler til Modalen for å spela kamp, mai 2024. Kanskje arrangera klubb i samband med kampen.

**Vedtak:**

Saka vert tatt til orientering.

---